

## **Saksprotokoll 17.09.2020 - fylkesutvalet**

**Trude Brosvik (KrF)** sette fram slikt forslag:

«Tilskot til utvikling av spel med grov vald skal ikkje prioriterast.»

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samråystes vedteke.

Brosvik sitt forslag fekk 5 røyster (1A, FNB, SV, KrF) og fall.

### **Vedtak**

1. Vestland fylkeskommune støttar forslaget om ei eiga forskrift for tildeling av tilskot til produksjon og formidling av dataspel, og sluttar seg til forslaget om opning for å gje tilskot til alle fasar i utviklingsløpet frå idestadiet og fram til ferdigstilling av dataspel. Vestland fylkeskommune står at det også kan gjevast tilskot til formidling av dataspel og kompetanseheving for formidlarar som bidrag for å styrke posisjoneringa av norskutvikla dataspel.
2. Vestland fylkeskommune er positive til at støtteordningane stimulerer til produksjon av dataspel som tek i vare norsk språk, kultur og historie. Forskrifta bør i sterkare grad gjenspegle norsk språkpolitikk og innføre insentiv for å sikre at dataspel også vert utvikla og gjort tilgjengeleg på nynorsk.